

## Hans Marius Hansteen – Gruppe A

Foreslått av Gunnar Karlsen



Eg er førsteamanuensis ved Institutt for filosofi og førstesemesterstudium, og har lang fartstid ved Humanistisk fakultet – også som stipendiat, mellombels- og deltidstilsett. Som seminarleiar ved ex.phil. har eg førstehands kjennskap til mangfaldet av studentar ved fakultetet. Eg har vore med byggja opp filosofididaktikk og tverrfagleg humanistisk didaktikk, og har undervist ved fagstudiet i filosofi, i idéhistorie og retorikk. Forskningsinteressene mine er sosialfilosofi/politisk teori, retorikk, didaktikk og intellektuell historie. Sidan årsskiftet er eg òg hovudverneombod ved fakultetet.

I krevjande tider for faga og institusjonane våre er det særleg viktig å visa at demokratisk styring fungerer. Eg stiller til attval for å bidra til kontinuitet og til at fakultetsstyret framleis skal vera ein arena for reelle diskusjonar som kan ta opp i seg opne diskusjonar i fagmiljøa.

Å ta vare på eit mangfold av fag, språk og perspektiv innanfor humaniora, er naudsynt - om vi meiner noko med festtalane om at humanistiske fag er viktige i og for eit mangfoldig samfunn. Det ikkje minst viktig å ta vare på Humanistisk fakultet si rolle som lærarutdanningsinstitusjon og å arbeida langsiktig for å styrka samarbeidet med skuleverket.

Sterke, offentlege utdanningsinstitusjonar – med universiteta ei nøkkelstilling – er viktige for demokratiet, ved å sikra fri og lik tilgang til kunnskap og danning. Då er det eit paradoks at nettopp desse institusjonane vert byråkratiserte og instrumentaliserte. Diverre vert motstand mot slike utviklingstrekk ofte oppfatta og framstilt som forsvar for privilegium. Men akademisk fridom, institusjonell og fagleg autonomi handlar først og fremst om naudsynete vilkår for å fylla samfunnsoppdraget vårt. Dette krev også at vi sikrar gode arbeidsvilkår og at fakultetet opptrer som ein ryddig arbeidsgjevar.

## Hans Marius Hansteen – Group A

*Suggested by Gunnar Karlsen*



I am an associate professor at the Department of Philosophy and have extensive experience at the Faculty of Humanities – also as a research fellow, interim and part-time employee. As a seminar leader at ex.phil. I have first-hand knowledge of the diversity of students at the faculty. I have contributed to building study programs for philosophy didactics and interdisciplinary didactics of the humanities and have taught at the study program in philosophy, in history of ideas and in rhetoric. My research interests are social philosophy/political theory, rhetoric, didactics and intellectual history. Since the turn of the year, I am also chief safety delegate (Hovedverneombud) at the faculty.

In challenging times for our disciplines and institutions, it is particularly important to demonstrate that democratic governance works. I am standing for re-election to contribute to continuity and to ensure that the Faculty Board continues to be an arena for real discussions in continuity with open discussions in the academic community.

Preserving a diversity of subjects, languages and perspectives within the humanities is essential - if we mean what we say about the humanities as important in and for a diverse society. It is not least important to preserve the Faculty of Humanities' role as a teacher education institution and to work long-term to strengthen cooperation with the education system.

Strong, public educational institutions – with universities in a key role – are important for democracy, by ensuring free and equal access to knowledge and education. It is then a paradox that precisely these institutions are being bureaucratized and instrumentalized. Conversely, resistance to such developments is often perceived and presented as a defense of privilege. But academic freedom, institutional and professional autonomy are first and foremost necessary conditions for fulfilling our mission within the broader society. This also requires that we ensure good working conditions, and that the faculty acts as a good employer.